



## KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 18. desember 2019

**Stad:** Meland kommunehus – Kantina

**Kl.:** 08.30 – 10.30

**Tilstade:** Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Rikke Slåtten Nordal (medlem), Aslaug Aalen (medlem), Øyvind Bratshaug (medlem)

**Innkalla:**

**Revisjon:** Revisjonssjef Janne Eraker og Ragnhild Kartveit Høyland, Nordhordland Revisjon

**Sekretær:** Øivind Olsnes, Tonje Husum Aarland

**Forfall:** Morten Klementsens.  
Personleg varamedlem var kalla inn, men kunne ikkje møte

I møtet var derfor 6 av 7 medlemmar til stades.

---

### 52/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

### 53/19 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

**Saksvedlegg:**

Møteutskrift frå møtet 05.12.2019

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen frå 05.12.2019 er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Møteprotokollen frå 05.12.2019 er godkjent

## 54/19 Oppfølging av revisjonsrapport nr 16 - statusrapport

### Saksvedlegg:

Notat 11.12.2019 oppfølging av revisjonsrapport nr 16 – økonomisjef P.I. Olsen

- Rutine tildeling av utleige kommunale bustader i Meland
- Rapport gjeldsportefølgje pr. 31.08.2019
- Økonomirapport Meland 2. tertial 2019 – oppdatert 16.09.2019
- Reglement for Finansforvaltning Meland kommune – KS 55-2018
- Delegasjonsreglement Meland kommune – KS 14.12.16
- Subdelegasjonsreglement

### Saksopplysningar:

Revisjonsrapport nr. 16 var lagt ved saka ved handsaming av årsrekneskapet for 2018.

I samsvar med årleg oppfølging av revisjonsrapportane var rådmannen ved økonomisjef innkalla til møte den 5.12.2019 for å gje ein status for oppfølging av kommentarar / tilrådde tiltak i rapporten. Økonomisjefen deltok i møtet og orienterte om korleis ulike merknader i Revisjonsrapport nr.16 var følgd opp.

### I møtet gjorde kontrollutvalet slik vedtak:

*Kontrollutvalet er usikker på om ulike tiltak er følgd opp som føresett og forventa i løpet av året fordi det ikkje foreligg dokumentasjon til møte.*

*Kontrollutvalet ber om ein skriftleg rapport om status innan ei veke*

I samsvar med kontrollutvalet sitt vedtak har økonomisjefen laga ein fyldig rapport med vedlegg som her vert lagt fram for kontrollutvalet til handsaming.

### Behandling i møte:

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takkar økonomisjefen for orienteringa og tek statusrapporten til etterretning

#### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet takkar økonomisjefen for orienteringa og tek statusrapporten til etterretning

## 55/19 Gjennomgang av resultat frå kontrolloppgåve revisjon – U. off.

### Saksopplysningar:

Under sak 49/19 vart ei melding til kontrollutvalet drøfta med slik vedtak:

#### Samrøystes vedtak:

*Saka vert med heimel i offentleglova §13,24, forvaltningslova §13 og kommunelova §31 unnateke off. innsyn.*

*Kontrollutvalet ber revisjonen føreta ei kontrolloppgåve som avtalt i møtet*

Revisjonen vil i møte orientere om resultat av føreteken kontroll.

*Det vil verte foreslege at kontrollutvalet vedtek å lukke møtet under denne saka med heimel i offentleglova §13,24, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.*

### Behandling i møte:

Etter framlegg frå leiar vart det samsrøystes vedteke å lukke møtet under handsaming av saka med heimel i offentleglova §13,24, forvaltningslova §13 og kommunelova §31

Revisjonen la fram sin rapport frå undersøkinga.

Saka vart deretter drøfta.

### Framlegg til vedtak:

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok under sak 49/19 at revisjonen skulle føreta ein forenkla forvaltningskontroll med grunnlag i ei motteken melding til utvalet.

Revisjonen la i møte den 18.12.2019 under sak 55/19, fram resultatet av si undersøking.

Med heimel i offentleglova §13,24, forvaltningslova §13 og kommunelova §31 vedtek kontrollutvalet å unnta offentlegheit - revisjonen sin rapport og underliggende dokument i saka.

Med grunnlag i funna frå revisjonen si undersøking vil kontrollutvalet påtala følgjande tilhøve som svært uheldig og kritikkverdig:

- Krava til habilitet er brote i fleire høve ved utbetalingar frå kommunen og i prosessen
- Administrasjonen har gjennomført eit tiltak, utan at det er innhenta pris på utført arbeid, og det føreligg ikkje ei prisvurdering av tiltaket
- Revisor har førespurt, men ikkje fått seg førelagt skriftleg dokumentasjon på vurderingar om kommunalt ansvar eller nytte for eigne anlegg ved å påta seg kostnader i tiltaket

- Det føreligg ingen skriftlege avtalar som omtalar kva kostnader kommunen skal dekke i høve privat part og det er heller ikkje inngått skriftleg avtale om at kommunen skal ha rett til bruk av anlegg som er bygt over privat grunn

Kontrollutvalet meiner at prosessen i saka er kritikkverdig og ber rådmannen iverksetje tiltak for å innskjerpe krav til oppfølging av rutinar, habilitetskrav og dokumentasjon i organisasjonen.

Grunna samanslåing av Meland kommune ved årsskiftet, oversender kontrollutvalet vedtaket og revisjonen sin rapport til rådmann i nye Alver kommune.

Rådmannen vert beden om å føreta ein intern gjennomgang av saka og gje ei orientering om dette innan 1. mars til det nye kontrollutvalet for Alver kommune.

## 56/19 Eventuelt

### Behandling i møte:

Ingen saker vart tekne opp i møtet:

### Oppfølging:

Frekhaug, onsdag 18. desember 2019

  
Kåre Skibenes / leiar

  
Øivind Olsnes / sekretær